



Saksbehandlar: Ilona Nowak

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
017/22	Hovudutval teknisk/næring	07.03.2022
036/22	Formannskapet	21.03.2022
036/22	Kommunestyret	04.04.2022

Privat detaljregulering for fv. 541 Krossleitet–Grimstveit

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Sveio kommune godkjenner forslag til detaljregulering for fv. 541, Grimstveit – Sveio, i medhald av § 12-10 i plan- og bygningslova.

Hovudutval teknisk/næring 07.03.2022:

Behandling:

HTN gjekk gjennom plankartet i møtet og bad om at følgjande merknader blei protokollført:

1. Det må opplysast kor langt ned i terrenget ny veg vil liggja forbi Åse.
2. Avkøyring/tilkomstveg for gnr. 41 bnr. 106 må sikrast og gå fram av plankartet.
3. Planlagd fartsgrensa for dei ulike delstrekningane av vegen må gjerast kjend.
4. Rådmannen får i oppgåve å kontakta Vestland fylkeskommune for å avklara kostnader og finansiering omkring opprusting og framtidig bruk av eksisterande vegtrasé sørover frå krysset med Skiftestadvegen og vidare langs Åsevatnet. HTN ønskjer òg ei avklaring på om det er aktuelt for kommunen å overta eksisterande vegtrasé - og i så fall kva krav til standard som blir stilt i den samanheng.

HTN oppmodar rådmannen om å invitera Vestland fylkeskommune til kommunestyremøtet 04.04.22 for å presentera planforslaget og kommentera merknadene 1-4 ovanfor.

Samrøystes som framlagt av rådmannen med tillegg av pkt. 1-4 som protokollført ovanfor.

HTN- 017/22 Vedtak:

Tilråding til kommunestyret:

Samrøystes som framlagt av rådmannen med tillegg av pkt. 1-4 som protokollført nedanfor:

1. Det må opplyst kor langt ned i terrenget ny veg vil liggja forbi Åse.
2. Avkøyring/tilkomstveg for gnr. 41 bnr. 106 må sikrast og gå fram av plankartet.
3. Planlagd fartsgrensa for dei ulike delstrekningane av veggen må gjerast kjend.
4. Rådmannen får i oppgåve å kontakta Vestland fylkeskommune for å avklara kostnader og finansiering omkring opprusting og framtidig bruk av eksisterande vegtrasé sørover frå krysset med Skiftestadvegen og vidare langs Åsevatnet. HTN ønskjer òg ei avklaring på om det er aktuelt for kommunen å overta eksisterande vegtrasé - og i så fall kva krav til standard som blir stilt i den samanheng.

Formannskapet 21.03.2022:

Behandling:

Fleire tok ordet i saka.

Rådmannen svarte på spørsmål:

Spørsmål frå Rune Teikari (FrP), Jarle Jacobsen (KrF) og Lars E. Hollund (H):

"Det fremstår som mest naturleg å velge eksisterende trase, som også er støttet av grunneierne. Vi ønsker å få belyst om det er klare grunner til ikke å velge trase A+B1+C5 fremfor foreslått trase. Håper [rådmannen] kan bekrefte at dette er en farbar veg eller komme konkret begrunnelse for hvorfor dette ikke kan velges i mandagens FOR."

Svar:

Forprosjektet til Kystkonsult frå 2015/2016 – som låg til grunn for planarbeidet (lagt ved planskildringa R03) – rår til at utbetra fv. 541 (tidlegare fv. 6) blir lagd i ny trasé nord for Åse, og i dagens trasé sør for Åse. Hovudutval teknisk/næring behandla saka 25. april 2016, og støtta val av alternativ (ny veg i ny trasé) for nordre del og alternativ langs dagens veg mellom Tittelsnesvegen og Åse.

Det er gjennomført ei utvida kartlegging i delområde C i samråd med Statsforvaltaren i Vestland, då Statsforvaltaren varsla motsegn til planen grunna trasé C2. Resultatet av dette arbeidet er at Statsforvaltaren ikkje ser det som nødvendig å fremma motsegn mot planen, og at C5 (ny veg i dagens trasé) er eit dårleg alternativ med omsyn til dei nasjonale verdiane knytt til jordvern og landbruksomsyn.

I 2018 har Norconsult utarbeida rapport *Siling av løysningar*. Samla sett råda ein til å arbeida vidare med optimalisering av alternativa B3 og C2.

Delstrekning B: Dei ikkje-prissette temaa peikar på B3 som det beste alternativet totalt sett, og vurdering av andre forhold viser ei rangering kor B2 og B3 kjem noko betre ut enn B1 for fleire eigenskapar. Kostnadar er vurdert på eit grovt grunnlag, og viser små skilnadar mellom alternativa. Ein skal derfor vera varsam med å leggja for mykje vekt på denne skilnaden på dette grove nivået. Delstrekning C: Dei ikkje-prissette temaa peikar på C2 som det beste alternativet totalt sett, og

vurdering av andre forhold viser òg ei rangering kor C2 kjem best ut for flest eigenskapar. Kostnadar er vurdert på eit grovt grunnlag, og viser små skilnader. Ein skal vera varsam med å leggja for mykje vekt på små skilnader på dette grove nivået.

Klare grunnar til ikkje å velja eksisterande trasé: Når ein ser på oppsummeringa av dei ulike alternativa vurdert etter ulike parameter viser den føreslåtte vegstrekninga at denne er best ut frå ei fagleg vurdering. Så langt ein kjenner til er det ingen sterke eller absolutte konsekvensar som seier at ein ikkje skal kunna få det til i eksisterande trasé.

Sjå side 64 og 65 i vedlegg 4 *Val av trasé*.

Rådmannen orienterte:

Tilkomst til gnr. 41, bnr 106 (tilbakemelding frå Norconsult)

Planen tar med seg sendringa i tilkomstsituasjon og koplar seg på eksisterane forhold to stader. Mellombels bygge- og anleggsområde (LNF-område med skravering) er utforma med tanke på å sikra nok plass til gjennomføring av anlegget (inkludert trafikkavvikling / tilkomst til eigedommane under anleggsarbeidet), og samsundes knyta seg på dagens situasjon / tilbakeføra etter gjennomført anlegg. Om rosa skraverete vegar i figur under ligg innanfor eller utanfor plangrensa spelar ikkje noko rolle for endeleg situasjon, men berre for handlingsrommet i anleggsgjennomføringa / ein mellombels situasjon; ein må sikra nok areal.

Tinglyst vegrett for gnr. 41, bnr. 106 vil vera uavhengig av vedgiltaket. Det er mogleg at ei tilkomstpil som vist i blått under kunne vore klargjerande.

Detaljert utforming og endeleg løysing vil høya til grunnforhandling og utarbeiding av byggeplanar. Ein legg altså ikkje opp til at tilkomst til gnr. 41, bnr. 106 skal gå over andre/nye eigedommar (gnr. 41, bnr. 13), men at situasjonen blir som i dag.



Sjå òg vedlegg til protokoll: Notat med informasjon i samband med pkt. 1–4 i hovudutval teknisk/næring sitt vedtak av 7. mars.

Framlegg til vedtak frå Rune Teikari (FrP) på vegner av FrP, Høgre, Ap og Sp:

1. Saka blir utsett i påvente av at rådmannen innhentar nødvendige avklaringar.
2. Rådmannen får i oppdrag å sjekka kva traséval som gir minst mogleg potensiale for rettsleg konflikt med grunneigarane, samstundes som me får ein sikker og effektiv veg, både for bilar og mjuke trafikantar. Med dette forstår ein justeringar av trasé B og C noko lenger vest enn det som ligg i bordet. Eksempelvis B2 og C1/4 justert vestover for å unngå deling av landbruksland og tun. Frist innan fjerde møteserie 2022.
3. Avklaringar med grunneigarar skal vera juridisk bindande. Om ikkje dette let seg gjera kjem dagens traséval opp til ny godkjenning i kommunestyret.
4. Dagens fylkesveg blir fylkeskommunal sykkel- og gangsti.
5. Formannskapet skal haldast løpande orientert.

Røysting:

Hovudutval teknisk/næring si tilråding blei sett opp mot framlegget frå Teikari (FrP). Resultatet blei samrøystes i favør av sistnemnde.

FOR- 036/22 Vedtak:

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

1. Saka blir utsett i påvente av at rådmannen innhentar nødvendige avklaringar.
2. Rådmannen får i oppdrag å sjekka kva traséval som gir minst mogleg potensiale for rettsleg konflikt med grunneigarane, samstundes som me får ein sikker og effektiv veg, både for bilar og mjuke trafikantar. Med dette forstår ein justeringar av trasé B og C noko lenger vest enn det som ligg i bordet. Eksempelvis B2 og C1/4 justert vestover for å unngå deling av landbruksland og tun. Frist innan fjerde møteserie 2022.
3. Avklaringar med grunneigarar skal vera juridisk bindande. Om ikkje dette let seg gjera kjem dagens traséval opp til ny godkjenning i kommunestyret.
4. Dagens fylkesveg blir fylkeskommunal sykkel- og gangsti.
5. Formannskapet skal haldast løpande orientert.

Kommunestyret 04.04.2022:

Behandling:

Fleire tok ordet i saka.

Framlegg til vedtak frå Asle G. Halleraker (Ap) på vegner av Ap, KrF, FrP, Høgre og Sp:

1. Kommunestyret godkjenner forslag til detaljregulering for fv. 541, Grimstveit–Sveio, i medhald av plan- og bygningsloven § 12-10.
2. Rådmannen får i oppdrag å sjekka mindre justeringar av traséval B3 og C2 noko lenger vest enn det som ligg i bordet. Langs desse strekka skal ein gå i dialog med grunneigarane, og ved bruk av avgrensa høyringar, finna gode traséar.
3. Rådmannen får i oppdrag å utforma ein skriftleg avtale med grunneigarane om traséval. Om ikkje dette let seg gjera, kjem dagens traséval opp til ny godkjenning i kommunestyret.
4. Dagens fylkesveg blir fylkeskommunal sykkel- og gangsti.
5. Formannskapet skal haldast løpande orientert.

6. Arbeidet med å sikra finansiering av fv. 541 Krossleitet–Grimstveit startar straks.
7. Ordførar tar kontakt med Bømlo kommune for om mogeleg å oppretta ei felles politisk arbeidsgruppe som skal arbeida opp mot Vestland fylkeskommune med tanke på finansiering og framdrift av vegprosjektet.

Røysting: Formannskapet si tilråding blei sett opp mot framlegget frå Halleraker (Ap). Resultatet blei samrøystes i favør av sistnemnde.

KOM- 036/22 Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner forslag til detaljregulering for fv. 541, Grimstveit–Sveio, i medhald av plan- og bygningsloven § 12-10.
2. Rådmannen får i oppdrag å sjekka mindre justeringar av traséval B3 og C2 noko lenger vest enn det som ligg i bordet. Langs desse strekka skal ein gå i dialog med grunneigarane, og ved bruk av avgrensa høyringar, finna gode traséar.
3. Rådmannen får i oppdrag å utforma ein skriftleg avtale med grunneigarane om traséval. Om ikkje dette let seg gjera, kjem dagens traséval opp til ny godkjenning i kommunestyret.
4. Dagens fylkesveg blir fylkeskommunal sykkel- og gangsti.
5. Formannskapet skal haldast løpande orientert.
6. Arbeidet med å sikra finansiering av fv. 541 Krossleitet–Grimstveit startar straks.
7. Ordførar tar kontakt med Bømlo kommune for om mogeleg å oppretta ei felles politisk arbeidsgruppe som skal arbeida opp mot Vestland fylkeskommune med tanke på finansiering og framdrift av vegprosjektet.

Saksutgreiing

Samandrag

Innleiingsvis blir det vist til vedlagde saksframlegg med saksnr. 042/19, sendt ut i samband med offentlig ettersyn 19. november 2019. Dette saksframlegget gir ein oversyn over endringane som har vorte gjort i det reviderte planutkastet.

Vestland fylkeskommune (tidl. Statens vegvesen Region vest) fremjar framlegg til detaljregulering for fv. 541 (tidlegare fv. 6) Sveio –Grimstveit. Planområdet strekkjer seg frå vegkryss mot fv. 47 i sør til Grimstveit/Lier 5,5 km lenger nord. Frå kryss mot fv. 47 til Åsevatnet er framtidig veg planlagt i dagens trasé. På denne strekninga omfattar planområdet eksisterande køyrevog med tilliggjande areal. Frå Åsevatnet og vidare nordover er framtidig veg for det meste planlagt i ny trasé aust for dagens veg, bortsett frå eit stykke langs Maritjørna der ny veg igjen vil gå i dagens trasé.

Planforslaget til reguleringsplanen låg ute til offentlig ettersyn i tidsrommet frå 26. november 2019 til 17. januar 2020. Forslagsstillar var då Statens vegvesen, mens Vestland fylkeskommune har tatt over planarbeidet etter 1. januar 2020. Vestland fylkeskommune fekk utsett frist til 7. februar 2020 for å koma med merknader. Fylkesmannen i Vestland bad også om utsett frist, slik at nærare kartlegging kunne leggest til grunn for endeleg merknad, jf. møtet 18. februar 2020 referert i punkt 5 under «*Innkome merknadar/Uttale frå partar*».

Det er motteke 31 merknader der seks er frå offentlege høyringsinstansar og 25 frå interesseorganisasjonar/næringsverksemdar, råka grunneigarar og naboar. Innspela er kort referert og kommentert under «*Innkome merknader/Uttale frå partar*», og inndeling i punkt

bygger på ei tolking av det sentrale innhaldet i kvar merknad. Dei originale merknadane ligg som vedlegg til dette dokumentet og dekkjer dermed heile innhaldet i merknaden.

Som følge av høyringsprosessen blei det gjort nokre justeringar i planmaterialet, og delar av desse var ute på avgrensa høyring hausten 2021. Endringane, merknad og handsaming av disse går fram av vedlegg 12.

Endringar i planframlegget etter offentleg ettersyn

1. Kryss-situasjonen til/frå Åse/Nygård

Sveio kommune har på bakgrunn av innsende merknader til planforslaget, komme fram til ei løysing som inneber å stenga vegkrysset slik ein viser dette nedst på kartutsnittet med plankartet i figur 1 og 2. Planframlegg i figur 1 og 2 ble sendt ut til grunneigarar som har tilknytning til område med dei aktuelle endringane. Ein vil då kunne leggja til rette for betre trafikktryggleik for mjuke trafikantar når dei går eller sykklar på vegen. Ein legg til rette for stenging av vegkrysset i område som er vist nedst på kartutsnittet i figur 1 og 2 (område markert med raud ring). Vegkrysset vil bli utilgjengeleg for billistar, medan vil han framleis vera open for fotgjengarar og syklistar. Dessutan vil det bli etablert eit nytt vegkryss, som de kan sjå øvst på kartutsnittet i figur 1 og 2 (område markert med raud ring). Figur 3. visar det endelege plankartet med endringane som vart innarbeidd etter at avgrensa høyring vart gjennomførte. Det vart lagt in snuplass som skal etablerast på lokalvegen i tilknytning til vegkrysset som er planlagt stengt (sjå X-markeringa i figur 3.). Snuplassen vil gjera lokalvegen meir tilgjengeleg for store køyretøy, som til dømes skal bruka vegen i samband med utrykking, renovasjon, vedlikehald av vegen mm.

I dag går vegtrafikken tett forbi bustadane og det er ikkje lagt til rette for trygg trafikk til sentrum av Sveio, særleg for mjuke trafikantar. Såleis utgjør tungtrafikken, som går gjennom området, potensiale for farlege trafikksituasjonar. Som resultat av endringa vil køyreavstanden for dei som skal køyre sørover bli lengre, men for dei som skal nordover vil vegen bli kortare. Vegen vil framleis vera lokal køyreveg, men berre for dei bustadene som grensar til vegen. På den måten vil biltrafikken vera sær avgrrensa og det vil ikkje vera tungtrafikk på strekninga.



Figur 1. Kartutsnitt av plankartet sendt ut til offentlig ettersyn (UTGÅR).




Figur 2. Kartutsnittet som viser ny endring i planforslaget.



Figur 3. Kartutsnittet viser det endelege plankartet med de nye endringane.


2. Avkøyringsveg til bustadfeltet på Gjermundshaugen

Tilkomstsituasjonen ved avkøyringsvegen til bustadfeltet på Gjermundshaugen vart justert slik at han er betre tilpassa planforslaget til reguleringsplanen for Gjermundshaugen sør. «Klammer» viser den lokale tilkomstvegen som vart lagt om slik at han går parallelt langs austsida av fylkesveg fv. 47. Ein skal halda på løysinga med fortau langs austsida av fv. 541 og langs nordsida av Sveiogata.




3. Planforslag Gjernmundshaugen sør, tilkomst til gnr. 40 bnr. 187

Endringa inneber at reguleringsplanen for fv. 541 blei justert etter planen for Gjernmundshaugen sør. Planane heng saman og ein bør samkøyra prosjekta for fv. 541 og Gjernmundshaugen sør og avklara rekkefølge etc. ved utbygging av fylkesvegen og bustadfeltet. Eksempelvis; lokalveg SKV3 i planen for Gjernmundshaugen sør bør truleg opparbeidast samstundes med fortau langs fv. 541 på strekninga.



4. Landbruksundergang og landsbruksavkøyring ved Lyngstad i nord.

Ein undersøker om det lar seg gjera med ein husdyrundergang i form av eit røyr med diameter 2,4 m, ved profil 4950. I tillegg er landbruksavkøyringsveg vist i plan som i planforslag ved ca. profil 4740 .




5. Krysset ved Lauvåsvegen

Undervegs i planarbeidet er det vurdert ulike løysingar for krysset ved Lauvåsvegen, inkludert ei løysing utan krys i plan og berre med undergang for mjuke trafikantar. Ei slik løysing ville vore med full høgde. Løysinga som er vist i planen er valt for å gi biltrafikk raskast mogleg tilkomst til ny veg, samstundes med at gåande og syklande kan kryssa planskilt under ny veg for trygg tilkomst til skulebuss m.m. Undergangen er planlagt med frihøgde 3,1 meter, og det kan i byggeplanfasen vurderast om undergangen kan skiltast med «køyring til eigedommane tillate», skilta høgdeavgrensing m.v., slik at personbiltrafikk/moped unngår altfor stor omveg dersom dei skal til Nordskog.




6. Justering av avkøyringsvegen nord for gnr. 41 bnr. 43.

Krysset nord for eiegenomen gnr. 41 bnr. 43 sør for Skansen, blir tatt ut og ny lokalveg er knytt til Løkjavegen. Løysinga gir noko betre vegkurvatur samanlikna med høyringsforslag.



7. Justering av avkøyrsler

Merknadene er tatt til følge. Avkøyrsler merka med A i mottatt vedlegg skjer direkte frå fylkesvegen, mens avkøyrsler B skjer via framtidig lokalveg.



Saks- og faktaopplysningar

Innkomne merknadar / Uttale frå partar

Fråsegn frå offentlege etatar

1. Sveio kommune, landbruksavdelinga, 4. oktober 2019

- *Det er viktig at salamanderdammen ved gravplassen ved Fjellstad ikkje vert drenert og minst har same vassnivået som i dag.*

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

- Planforslaget tar omsyn til lokaliteten og syner at vegtiltaket ikkje kjem ut over dagens vegareal på denne staden.

Sveio kommune sin kommentar:

- Vi viser til svaret frå fylkeskommunen.

2. Sveio kommune, kulturavdelinga, 3. desember 2019

- *Avsendar syner til kulturminneplanen og vurderer at aktuelt delområde Åse er kulturmiljø av høg verdi. Tilsvarande har gardstunet i Sveen høg verdi og omsynssone A i kulturminneplanen. I planskildringa er Åse satt med middels verdi. Sveen er sett med noko verdi.*

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

- Verdsetting i konsekvensutgreiing/andre kulturminnefaglege utgreiingar vert ofte basert på kriteria i Statens vegvesen si handbok V712 *Konsekvensanalyse*, som er gjort i dette tilfellet. Sveio kommune sin kulturminneplan er eit viktig kunnskapsgrunnlag i utgreiing av kulturminne og kulturmiljø i samband med reguleringsplanen.

For utgreiinga sin del er det viktig at planen gir oversyn over kommunen sine prioriteringar, er forholdsvis oppdatert, og har informasjon om kulturminne og kulturmiljø som ikkje går fram av t.d.

nasjonal kulturminnedatabase (Askeladden). Kulturmiljøet på Åse, delområde 4, er i utgreiinga vurdert til middels verdi. Stor verdi vert oftast nytta på kulturminne som har vernestatus etter kulturminnelova, ev. på kulturmiljø med særleg høg grad av autentisitet og heilskap. Det vert vurdert at kriteria for stor verdi etter handbok V712 ikkje er dekkande i dette tilfellet, men at middels verdi er rett nivå i utgreiinga.

Det kommunalt listeførte tunet Sveigarden, nord i delområde 1, har verdi som representativt for lokal byggeskikk (våningshuset). I utgreiinga er tunet vurdert som ein heilskap med det som er igjen av kulturlandskap sørvest og sør for tunet. Bygningane har noko redusert autentisitet, bl.a. ser det ut som tak på våningshus og løe er nytt. Miljømessig er tunet visuelt påverka av nye bustadhus tett på i vest og i aust, og Sveiogata nedanfor tunet er eit brot mellom tunet og kulturlandskapet. Samla sett er miljøet vurdert som eit for regionen vanleg førekommende miljø. Sjølv om der er heilskapelege trekk som er gjenkjennbare mellom tun og omgjevnadene rundt, er heilskapen noko fragmentert av nyare bygningar og veg, og det er i utgreiinga vurdert delområdet samla til noko verdi. Det kan likevel vera element i miljøet som har ein høgare verdi som enkeltobjekt.

Ein er samde i at delområdet Sveigarden, på grunn av verdi på tunet i kulturminneplan, kan liggja i grenseland mellom noko og middels verdi etter metoden i utgreiinga, men samanlikna med det meir heilskapelege miljøet på Åse, er Sveigarden vurdert til ein lågare verdikategori i utgreiinga. Sveio kommune sin kommentar:

- Vi viser til fylkeskommunen si vurdering.
- **Bømlo kommune, 17. desember 2020**
 1. *Bømlo kommune vurderer ei opprusting av fv. 541 som svært viktig. Vegen er avlastingsveg for E39 og viktig for lokalt næringsliv, særleg sør på Bømlo. Kommunen meiner det er særleg viktig å etablera god vegforbindelse til Bømlo fiskerihamn.*
 2. Innspelet blir teke til orientering.
- *Bømlo kommune vurderer ei opprusting av fv. 541 som svært viktig. Vegen er avlastingsveg for E39 og viktig for lokalt næringsliv, særleg sør på Bømlo. Kommunen meiner det er særleg viktig å etablera god vegforbindelse til Bømlo fiskerihamn.*

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

- Innspelet blir teke til orientering.

Sveio kommune sin kommentar:

- Innspelet er teke til orientering.

- **Fylkesmannen i Vestland, 7. desember 2020**
 1. *Fylkesmannen såg tidlegare grunnlag for motsegn til val av trasé på del av strekninga, og gav Sveio kommune tilbod om dialogmøte.*
 2. *I dialogmøtet blei det avklara at det må gjennomførast kartlegging av biolog med særleg erfaring med naturtypekartlegging og beitemarksoppar for ein korridor som dekkjer alle alternativa i delstrekning C.*
 3. *Fylkesmannen har mottatt kartleggingsrapport for naturmangfald. Rapporten er grundig, og gir eit kunnskapsgrunnlag som er viktig i vurderinga av verdier i området. På grunnlag av resultata som er kome fram, ser ikkje Fylkesmannen det som naudsynt å fremja motsegn mot planen.*
 4. Innspelet blir teke til orientering.
- *Fylkesmannen såg tidlegare grunnlag for motsegn til val av trasé på del av strekninga, og gav Sveio kommune tilbod om dialogmøte.*

- *I dialogmøtet blei det avklara at det må gjennomførast kartlegging av biolog med særleg erfaring med naturtypekartlegging og beitemarksoppar for ein korridor som dekkjer alle alternativa i delstrekning C.*
- *Fylkesmannen har mottatt kartleggingsrapport for naturmangfald. Rapporten er grundig, og gir eit kunnskapsgrunnlag som er viktig i vurderinga av verdiar i området. På grunnlag av resultatata som er kome fram, ser ikkje Fylkesmannen det som naudsynt å fremja motsegn mot planen.*

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

- Innspelet blir teke til orientering.

Sveio kommune sin kommentar:

- Innspelet er teke til orientering.

5. **Fylkesmannen i Vestland**, 5. mars 2020

- *Fylkesmannen varsla om mogleg motsegn, og gav Sveio kommune tilbod om dialogmøte. Dette blei gjennomført 18. februar 2020. Til stades var også tiltakshavar og konsulent.*
- *Det hefter motsegn til alternativ C2 inntil eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag ligg føre. Det må gjennomførast ei kartlegging av biolog med særleg erfaring med naturtypekartlegging og beitemarksoppar, og må dekkja alle alternativa på delstrekning C.*
- *Ut frå kunnskapen som ligg fører er C5 eit dårleg alternativ med omsyn til dei nasjonale verdiane knytt til jordvern og landbruksomsyn.*
- *Fylkesmannen ber om utsett frist på dette grunnlaget.*

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

- Innspelet blir teke til orientering.
- *Det er utført kartlegging etter nærare avtale med Statsforvaltaren(tidl. Fylkesmannen) ila. hausten 2020. Rapport for supplerande kartlegging av naturverdiar på delstrekning C blei sendt til Fylkesmannen for uttale seinhausten 2020.*
- Innspelet blir teke til orientering.
- Utsett frist blei gitt.

Sveio kommune sin kommentar:

- Vi viser til svaret frå fylkeskommunen.

· **Fylkesmannen i Vestland**, 29. januar 2020

1. *Fylkesmannen varslar motsegn til planen grunna trasé C2. Konsekvensane på naturmangfald er ikkje tilstrekkeleg vurderte. Avsendar meiner at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å seia at berre alternativ C5 er miljøfagleg akseptabelt. Alle dei andre C-alternativa vil gi store negative konsekvensar for myr og våtmarksområde.*
- *Fylkesmannen varslar motsegn til planen grunna trasé C2. Konsekvensane på naturmangfald er ikkje tilstrekkeleg vurderte. Avsendar meiner at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å seia at berre alternativ C5 er miljøfagleg akseptabelt. Alle dei andre C-alternativa vil gi store negative konsekvensar for myr og våtmarksområde.*

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

- Innspelet blir teke til orientering. Sjå elles merknad 4 og 5 over.

Sveio kommune sin kommentar:

- Vi viser til svaret frå fylkeskommunen.

7. Irene og Nils Magnar Berge, Sveiogata 155 (gnr. 40 bnr. 187), 9. januar 2020

- *Avsendar meiner at noverande gang- og sykkelløysing fungerer godt og bør vidareførast med fotgjengarkryssing til Gjermundshaugen.*
- *Det er ikkje naudsynt å byggja fortau langs austsida av fv. 541 og nordsida av Sveiogata, då det ikkje er etterspurd og uansett vil stoppa ved tomannsbustad i retning Sveio sentrum. Fortau, i tillegg til utviding av kryss, vil leggja beslag på for store areal på eigedomen.*

Vestland fylkeskommunes kommentar:

- Sveio kommune ønskjer at det vert etablert ei tosidig løysing for gåande og syklande mellom Sveiogata og Åsevatnet. Dette for å gjera det tryggare å ferdist for gåande og syklande både langs og på tvers av den framtidig utbetra vegen. I gjeldande planar er det lagt opp til bustadutvikling langs begge sider av vegen, og behovet for eit tosidig tilbod vil med dette auka i framtida.

Tilsvarande ønskjer Sveio kommune at det vert planlagt for ei framtidig tosidig løysing for gåande og syklande langs Sveiogata. Føremålet i denne planen er å sikra ei slik utvikling. Dinest vil sentrumsplanen sikra nødvendige areal vidare austover mot sentrum.

Sveio kommune sin kommentar:

- Sveio kommune vurderer at etablering av gang- og sykkelvegen er eit vesentleg grep for å betra dagens trafikktilhøve med omsyn til gåande og syklande trafikantar. Vi viser elles til kommentar frå fylkeskommunen.

8. Reidun Kinn Vågen, Tjernagelvegen 343 (gnr. 42 bnr. 30), 9. januar 2020

- *Avsendar meiner planforslaget som blei presentert på folkemøtet er godt, og ønskjer ikkje at ein går tilbake på tidlegare forslag med ny veg i eksisterande trasé.*
- *Ønskjer òg at elevar frå Nordskog får gratis skuleskyss som tidlegare, men som nå er tatt bort. Eksisterande veg vil framleis ikkje vera trygg skuleveg for born som bur der.*

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

- Innspelet blir teke til orientering. Dagens trasé er vurdert, men i den samla vurderinga har ein valt å utarbeida reguleringsplan for trasé lenger aust i ny trasé, alternativ C2.
- Innspelet blir teke til orientering og må vurderast av Sveio kommune. I dette planarbeidet er det ikkje tatt med tiltak på eksisterande veg nord for Maritjørna, kor fylkesvegen er vist i ny trasé.

Sveio kommune sin kommentar:

- Førespurnad om gratis skuleskyss for elevar frå Nordskog kan ikkje handsamast i samband med denne reguleringsplanprosessen. Dette må vurderast i eiga sak.

9. Ida Fresvig, Austre Kringsjå 3B, Tjernagelsvegen 141 (gnr. 42 bnr. 13 og 16), 13. januar 2020

- *Avsendar har sett føre seg å skilja ut fire tomter frå eigedomen (41/16), slik at søsken kan etablere seg nær familien. Dette lar seg ikkje gjera dersom ein realiserer planforslaget. Ei tomt er allereie skilt ut og utbygd (41/106). Det er garasje og fleire små bygg på tomta (41/16). Vegen er planlagt å gå slik at små bygg og garasje må rivast. Garasjen er i dagleg bruk.*
- *Avsendar meiner forslaget som er mest praktisk og rettferdig er å utbetra dagens veg. Dette vil sikra trygg skuleveg, spara mykje natur og utmark, og gi betre moglegheiter for framtidig bustadbygging.*

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

- Saka gjeld i all hovudsak teigen gnr. 41 bnr. 16 som ikkje har eiga adresse. Planforslaget viser ny veg som kjem opptil 6 meter inn på eigedomen langs vestsida, i tillegg til fjellskjering/sikring/gjerde. Veggen er lagt lågt i terrenget på strekningen, mellom anna for å redusera dei negative verknadane for eigedommane på austsida. I samband med planarbeidet er det utarbeidd teikningar for grunnerverv. Desse viser eit permanent erverv på gnr. 41 bnr. 16 lik 2,5 daa, og eit mellombels beslag i samband med anleggsgjennomføringa på ca. 4 daa. Mellombels beslaglagt areal vil bli sett i stand og gå tilbake til grunneigar etter at anleggsarbeidet er avslutta. Eigedomen har i dag eit areal på 33,5 daa.
- Utbetring av dagens veg på strekninga er nøye vurdert, men ny veg i ny trasé i dette området er vurdert å vera minst konfliktfylt samla sett.
- Utbetring av dagens veg på strekninga er nøye vurdert, men ny veg i ny trasé i dette området er vurdert å vera minst konfliktfylt samla sett.

Sveio kommune sin kommentar:

- Det er ikkje opna for frådelling av eigedomen i det aktuelle området.
- Kommunen vurderer at forslaget i merknaden ikkje vil vera rettferdig. Foreslått løysing ville betra skulevegen, medan det ville gått meir utover bustadene slik den eksisterande vegtraséen ligg i dag. Dersom ein endrar føresetnaden for at traseen ligg slik fylkesvegen ligg i dag, vil det òg endra føresetnaden for fleire bustadar på andre delar av strekninga.
- Arealet er avsett som LNF-område, dvs. landbruks-, natur- og friluftsområde i kommuneplanen for Sveio 2011-2023. Altså er ikkje området avsett til bustadføremål i kommuneplanen og skal derfor ikkje byggast ut.

10. Bømlo fiskerihamn, 15. januar 2020

- *Etablering av Bømlo fiskerihamn er forventast å starta opp i 2021. Betre vegstandard er viktig for etablering av hamna.*
- *Hamna vil skapa mykje aktivitet og mange nye arbeidsplassar. Det er stort behov for betre veg for å få arbeidarar og varer til og frå hamna.*
- *Ein forventar stor auke i tungtrafikken over Langevåg etter etablering av hamna.*

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

- Innspelet blir teke til orientering.

Sveio kommune sin kommentar:

- Kommunen tek merknaden til orientering.

Eidesvik Offshore, 15. januar 2020

- *God infrastruktur er avgjerande for å oppretthalda lokasjon på Bømlo. Eidesvik er avhengig av vegen for å tiltrekkja seg kvalifiserte arbeidskraft. Veggen blir brukt til korrespondanse og dei fleste aktivitetar i den daglege drifta i verksemda. Avsendar ber om at arbeidet med ny veg vert prioritert.*

Vestland fylkeskommunes kommentar:

- Innspelet blir teke til orientering. I første omgang er målet å få vedtatt ein reguleringsplan. Vidare framdrift med finansiering, byggeplan og etablering av anlegget er førebels uavklart.

Sveio kommune sin kommentar:

- Vi viser til svaret frå fylkeskommunen.

Eidesvik Havfiske, 15. januar 2020

- *Fv. 541 er ein hovudveg for mykje av verksemda sin aktivitet. Vegen vert nytta av mange tilsette, men òg til transport av produkt som er avgjerande for den daglege drifta. God infrastruktur er avgjerande for å oppretthalda lokasjon på Bømlø. Det er viktig at arbeidet med ny veg vert fullført.*

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

- Innspelet blir teke til orientering. Vidare framdrift med finansiering, byggeplan og etablering av anlegget er førebels uavklart.
- Vi viser til svaret frå fylkeskommunen.

Sveio kommune sin kommentar:

- Vi viser til svaret frå fylkeskommunen.

13. Egil Meinich Misje mfl., 15. januar 2020

- *Innspel frå grunneigarar gnr./bnr. 43/1, 43/7, 43/13, 43/12, 42/1,6,9,13, 41/1, 41/6,11,24, 41/8,9, 41/3,3 41/13,16, 41/33 og 41/106*
- *Innspel frå grunneigarar gnr./bnr. 43/1, 43/7, 43/13, 43/12, 42/1,6,9,13, 41/1, 41/6,11,24, 41/8,9, 41/3,3 41/13,16, 41/33 og 41/106*
- *Forventninga til planarbeidet var å sikra betre vegstandard og betra trafikktryggleiken. Framlagt planforslag svarer ikkje til denne forventninga.*
- *Løysinga for mjuke trafikantar, som må nytta «gamlevegen», er i strid med handbok N100. Hovudmålet med planarbeidet er å betra trafikktryggleiken og etablera gang- og sykkelveg langs heile vegstrekninga.*
- *Trasé B3+C2 kompensere ikkje for farleg skuleveg for bebuarane på Åse, Nygård og Nordskog.*
- *Planarbeidet har ikkje følgt pbl §§ 4-1 og 4-2 sine krav til planprogram og konsekvensutgreiing. Forenkla KU som er gjennomført oppfyller ikkje krav til utgreiingsplikt og kan heller reknast som ei trasévurdering. Trasévalet er ikkje i samsvar med intensjonen i gjeldande kommuneplan som syner utbetring av eksisterande veg med enkelte mindre omleggingar. Det er ein særskild alvorleg feil at kommunen har friteke forslagsstillar frå krav om planprogram og konsekvensutgreiing i samsvar med pbl §§ 4-2 og handbok V712 .*
- *Foreslått trasé går gjennom myr og våtmarksområde som bind CO2 og er sårbare habitatsområde for artar som til dømes storsalamander.*
- *B1+C5 framstår som den mest skånsame traséen, og som dessutan er i samsvar med kommuneplanen.*

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

· Planforslaget viser ei vegløyning med tosidig tilbod for gåande og syklende sør for Åsevatnet, utbetra kurvatur og stignings- og siktforhold, nye haldeplassar for buss, utbetra kryss og avkøyrsalar med vidare. Nord for Åse viser planforslaget i hovudsak ny veg i ny trasé, med utforming i samsvar med vegnormalane til Statens vegvesen. Med den nye vegen vil mesteparten av dagens trafikk bli flytta bort frå dagens veg. Slik sett vil dagens veg, som vert liggande att som lokalveg, få betydeleg redusert trafikkmengd. Dette vil samla sett gi ein betydeleg trafikktryggleiksgevinst for alle trafikantar på strekninga. Planforslaget viser derimot ikkje nye løysingar på framtidig lokalveg, og det er forståing for at ein ynskjer eit oppgradert tilbod både for lokal biltrafikk og gåande og syklende langs denne vegen. Lokalvegen vert truleg ein kommunal veg, og det vil vera eit kommunalt ansvar å sikra ferdsel på denne.

- Handbok N100 er lagt til grunn for utforming av det nye veganlegget. Del av dagens veg som

vert liggande att som lokalveg er ikkje ein del av reguleringsplanen. Med omsyn til vedtaket i Hovudutval teknisk/næring av 25. april 2016; *Sveio kommune rår til at det vert utarbeida gang- og sykkelveg langs heile vegstrekninga og at vegstrekninga vert ført heilt fram til krysset ved Fv 47.*, er det i planarbeidet lagt til grunn at dagens veg, der han vert liggande att som lokalveg, vert tilbod til både gåande/syklende og lokaltrafikk på strekninga som i dag. Trafikkmengda vert betydeleg redusert. I handbok N100 er det for lokalveg L1 med ÅDT(trafikkmengd i døgnet) <1500 gitt at:

«Gang/sykkelveg bør byggjes hvis ÅDT er over 1000 og hvis potensiale for gående og syklende er over 50 i et normaldøgn, eller hvis strekningen er skoleveg. 1,5 m skulder på begge sider kan vurderes der gang/sykkelveg er vanskelig å få til, men anbefales ikke på strekning definert som skoleveg.»

·For lokalveg L2 med ÅDT<300 er det ikkje krav til anlegg for gåande og syklande. Dagens trafikkmengd på fv. 541 er ca. ÅDT 1100 nord for Paddevegen, mens det på framtidig lokalveg mellom Maritjørna og Grimstveit truleg vil vera lågare enn ÅDT 300. Størst resttrafikk vil vera sør for Skiftestadvegen.

·Planforslaget legg til grunn at eksisterande veg vert lokalveg og tilbod for gåande og syklande på strekninga. Resttrafikk på dagens veg mellom Maritjørna og Åse vil bli svært låg, då vegen inn til Nygård vert blindveg. Det er også lagt til grunn etablering av ny gang- og sykkelveg langs Maritjørna der ny veg følgjer dagens trasé. Nord for Maritjørna er det som nemnt lagt til grunn at dagens veg vert tilbodet for gåande og syklande saman med lokal biltrafikk, og eventuell oppgradering av eksisterande veg ligg utanfor dette planarbeidet. I justert planforslag er det foreslått å etablere nytt kryss sør for Maritjørna, slik at trafikk på blindveg mellom Nygård og Åse vert fordelt i to kryss, og tungtrafikken til Nygård får kortast mogleg tilkomst til ny fv. 541. Veglenka bør brytast for gjennomkøyring like sør for Nygårdsvegen, slik at ein unngår unødig gjennomgangstrafikk.

·Sveio kommune har ved fleire høve vurdert om planen utløyser krav til konsekvensutgreiing, men har funne at planarbeidet er i samsvar med intensjonen i kommuneplanen og at det ikkje er nødvendig med særskilt KU for planarbeidet.

·Det er gjennomført ei utvida kartlegging i delområde C i samråd med Fylkesmannen i Vestland, då Fylkesmannen varsla motsegn til planen grunna trasé C2. Resultatet av dette arbeidet er at Fylkesmannen ikkje ser det som naudsynt å fremja motsegn til planen, og at C5 (ny veg i dagens trasé) er eit dårleg alternativ med omsyn til dei nasjonale verdiane knytt til jordvern og landbruksomsyn.

Sveio kommune sin kommentar:

·Vi viser til svaret frå fylkeskommunen.

14. ABO plan og arkitektur på vegne av Sveen Prosjekt AS, januar 2020

·Foreslått plan legg bindingar som er uheldige for grunneigar og deira moglegheit til å utvikle eigedom gnr. 40 bnr. 12 (Gjermundshaugen sør) fram til tiltak på fylkesvegen er realisert. Planområdet for fylkesvegplanen må avgrensast til ikkje å gå lenger inn på gnr. 40 bnr. 12 enn til det som er avsett til annan veggrunn – grøntareal i planforslaget. Tilkomst til gnr. 40 bnr. 187 er truleg årsak til at delar av 40/12 er del av planforslaget. Grunneigar planlegg å løysa tilkomst til denne eigedomen over gnr. 40 bnr. 12.

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

·Plangrensa kan trekkast mot vest, så lenge tilkomst til gnr. 40 bnr. 187 vert løyst i annan plan. Ein må likevel ta høgde for eit anleggsbelte på minimum fem meter utanfor formålet *Annan veggrunn – grøntareal* for å sikra gjennomføring av denne planen.

Sveio kommune sin kommentar:

·Vi viser til svaret frå fylkeskommunen.

15. Bua ungdomslag v/ Nils Haktor Bua, 16. januar 2020

- Å ferdast som mjuk trafikant på dagens veg vert opplevd som særst utrygt og gjer at ein vel bort miljøvenlege transportformer og heller vel å bruka bil sjølv på korte avstandar.
- Vegen er ein viktig pendlarveg, ein betre og meir effektiv veg vil gjera det meir attraktivt å busetja seg i området.
- Dess lengre ei utbetring av vegen lar vente på seg, dess større risiko er det for at meir alvorlege ulukker vil skje på strekninga.

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

·Innspelet blir teke til orientering.

Sveio kommune sin kommentar:

- Innspelet er teke til orientering.

16. Svein Magne Eikemo (gnr. 41 bnr. 53), 16. januar 2020

- Det må leggjast til rette for tilkomst til bustadtomt gnr. 41 bnr. 53.
- Avsendar ønskjer at det vert tilrettelagt med VA-anlegg/trekkerøyr inn til eigedomen.

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

- Det er ikkje vist tilkomst til eigedomen, og slik tilkomst må løysast via ein samleveg på austsida. Søknad om eventuelle avkøyrslar til eigedomen må følgja vanleg praksis for slike saker.
- Det er ikkje planlagt nytt VA-anlegg i denne samanheng, men eventuelle behov må avklarast med Sveio kommune.

Sveio kommune sin kommentar:

- Vi viser til svar frå fylkeskommunen.

17. Eivind og June Emberland, 16. januar 2020

- Det er stor gjennomgangstrafikk på Skiftestadvegen som ikkje vil bli redusert med veg i ny trasé. Avsendar ønskjer at det i tillegg til ny veg vert etablert gang- og sykkelveg langs eksisterande veg.

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

- Dagens veg, der han vert liggjande att som lokalveg, vil få betydeleg redusert trafikkmengd. Det er lagt til grunn at dagens veg vert tilbodet for gåande og syklande saman med lokal biltrafikk. Ein har likevel forståing for at ein ønskjer eit oppgradert tilbod både for lokal biltrafikk og gåande og syklande langs denne vegen. Lokalvegen vert truleg ein kommunal veg, og det vil vera eit kommunalt ansvar å sikra ferdsel på denne. Ei eventuell oppgradering av eksisterande veg ligg utanfor dette planarbeidet.

Sveio kommune sin kommentar:

·Vi viser til svaret frå fylkeskommunen.

18. Tilly og Tor Thuestad v/ Werner Dagsland, Eurojuris Haugesund, 16. januar 2020

1. Det vert vist til tidlegare merknader, og at traséen no er flytta lenger mot aust enn tidlegare vist. Foreslått trasé vil likevel dela opp eigedomen og gi ei vesentleg verdiforringing av eigedomen som landbrukseigedom. Avsendar meiner at dei negative

konsekvensane i for liten grad er tatt omsyn til.

- 2. Avsendar meiner at planen ikkje samsvarar med intensjonen i kommuneplanen, og meiner at ein ikkje kan vedta ein plan utan fullstendig KU. Konsekvensane for landbrukseigedomen er uansett mangelfullt utgreidde, og i for liten grad tatt omsyn til.*
- 3. Avsendar etterspør vurderte alternativ ut over den som er regulert, ref. silingsrapport frå 2018.*
- 4. Arealet som blir isolert på austsida utgjer ca. 27 daa, og ein må avstå ca. 20 daa til sjølve vegutbygginga. Dette gjer at ca. 1/3 av landbrukseigedomen på totalt 142 daa ikkje lenger kan nyttast til landbruksformål, og truar slik sett grunnlaget for drift på heile eigedomen. Denne problemstillinga er ikkje tilstrekkeleg belyst i planmaterialet.*
- 5. Ein viser til folkemøte og møte med Sveio kommune og Statens vegvesen, kor avsendar har fått inntrykk av at vegtekniske omsyn og kostnader er bakgrunnen for trasévalet. Avsendar meiner dette ikkje er god nok grunn til å leggja vegen over landbrukseigedomen, og peikar igjen på behovet for konsekvensutgreiing.*
- 6. Avsendar etterlyser forklaring på kvifor ikkje traséen kan flyttast lenger mot nordaust, når tiltakshavar først finn det naudsynt å leggja veg i ny trasé. Jo lenger mot aust, jo mindre utmark vil gå tapt for garden, og ei grensejustering kunne vore aktuelt. Med 27 daa på austsida, verkar ei slik løysing urealistisk.*
- 7. Dersom ein går vidare med trasé i planforslag, må det leggjast inn landbruksundergang for traktor for å sikra eit visst driftsgrunnlag på eigedomen.*
- 8. Ny veg går i konflikt med vasskjelde på eigedomen. Ny vasskjelde må etablerast utan kostnad for grunneigar.*
- 9. Omsyn til landbruksinteresser tilseier at vegen enten må leggjast i dagens trasé eller langs austre grense mot naboeigedom.*

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

- 1. I planarbeidet har ein freista å trekkja det nye veganlegget så langt aust som mogleg for å auka avstanden mellom ny veg og gardsbygningar. På den måten legg ein også beslag på minst mogleg innmark. Det ligg likevel igjen eit område med utmark på austsida av det nye veganlegget, og det er i plankartet vist landbruksavkøyring til dette området.*
- 2. Sveio kommune har ved fleire høve vurdert om planen utløyser krav til konsekvensutgreiing, men funne at planarbeidet er i samsvar med intensjonen i kommuneplanen og at det ikkje er nødvendig med særskilt KU for planarbeidet.*
- 3. Både ny veg i dagens trasé og ulike variantar av veg i ny trasé over aktuell eigedom er vurdert i planarbeidet. Linja er trekt lengst mogleg mot aust for å ta best mogleg omsyn til eigedomen. Fylkesmannen peikar på at C5 (ny veg i dagens trasé) er eit dårleg alternativ med omsyn til dei nasjonale verdiane knytt til jordvern og landbruksomsyn.*
- 4. I samband med planarbeidet er det utarbeidd teikningar for grunnerverv. Desse viser eit permanent erverv på eigedomen lik 8,8 daa, og eit *mellombels beslag* i samband med anleggsgjennomføringa på ca. 19 daa. Mellombels beslaglagt areal vil bli sett i stand og gå tilbake til grunneigar etter at anleggsarbeidet er avslutta. Ca. 27 daa av eigedomen vert liggjande på austsida av ny veg slik planen på høyring viste, noko som saman med permanent beslag på 8,8 daa utgjer ca. 1/4 av dagens eigedom på ca. 142 daa. Undervegs i planarbeidet blei linja flytta mot aust for å leggja beslag på minst mogleg innmarksbeite, og halda størst mogleg avstand til gardstun.*
- 5. Det føreligg ingen kommentar frå Vestland fylkeskommune/konsulent på dette punktet.*
- 6. Merknaden om å flytta linja ytterlegare mot aust er ikkje tatt til følgje. Dette ville gitt*

- høgare, tosidige skjeringar i et stigande terreng vidare austover. Det vil uansett bli liggjande att ein trekant av eigedomen på austsida, og veglinja er lagt i ytterkant av det meste av innmarksbeitet på eigdommen.
7. Det er vurdert landbruksundergang for traktor på tvers av vegen, men ei slik løysing er krevjande å få til med terrengforholda på staden. Justert plan viser landbruksavkøyrser ved ca. profil 4740, kor ein har kontakt med dagens terreng og har gode siktforhold. Det er vurdert at dette er ei tilstrekkeleg tilkomstløysing til utmarka for traktor. I tillegg er det som nemnd over lagt inn ein fe-undergang i form av eit røyr med diameter 2,4 m ved profil 4950.
 8. Tiltakshavar vil ta omsyn til brønningar i området. I forkant av anleggsstart vil vasskvaliteten til drikkevasskjelder i området registrerast. Dersom ein brønn er i direkte konflikt med veganlegget, vil tiltakshavar erstatta brønnen eller i samråd med grunneigar etablere ny drikkevasskjelde.
 9. Fylkesmannen peikar på at C5 (ny veg i dagens trasé) er eit dårleg alternativ med omsyn til dei nasjonale verdiane knytt til jordvern og landbruksomsyn. I justert plan har ein gjort ei ytterlegare justering mot aust slik at arealet som vert liggjande på austsida av vegen vert redusert, jf. punkt over.

Sveio kommune sin kommentar:

1. Det stemmer at kommuneplanen viser ein annan vegtrasé enn det som vart lagt ut til offentleg ettersyn. Kommuneplanen skal vera det overordna styringsdokumentet til kommunen og gi rammer for planane og tiltaket for verksemda og planar for bruk og vern av areal i kommunen. Den endelege plasseringa av vegen avklarast i reguleringsplanen.
2. Med utgangspunkt i dei aktuelle temaa vart det gjennomført KU i samsvar med uttalen til Statsforvaltaren. Etter avklaring med Statsforvaltaren har ein vurdert at det ikkje skal gjennomførast fullstendig KU, men at KU har vorte utarbeidd for relevante tema. I planarbeidet er det lagt til grunn at det ikkje skal vera konsekvensutgreiing, men ei verknadsvurdering. Vi viser til *vedlegg 4 «Val av Trasé – delstrekning B og C»*
3. Konklusjonen i verknadsvurderinga var slik:

« Ut i frå ei totalvurdering vert det tilrådd å arbeida vidare med alternativ C2. Dette er langt på veg også i tråd med tidlegare prinsippvedtak i Sveio kommune, sjølv om trasen følgjer langs austsida av Mørkavatnet og kryssar Lauvåsvegen lenger aust.»
4. Konsekvensane langs eksisterande veg vil ha større belastning for dei eigedomene han grensar til. I praksis er det mindre areal som går tapt.
5. Argumentasjonen for val av trasé er vist i vedlagd planomtale. Vi viser til uttale frå 05.03.2020, kor Statsforvaltaren har uttalt seg om at vegtraséalternativet C5 ikkje er aktuelt.
6. Konsekvensane for landbruk er vurderte samla, dvs. ikkje kvar einskild eigedom for seg.
7. Landbruksundergang har vorte lagt inn.
8. Her viser vi til svaret frå fylkeskommunen.
9. Meir dyrka mark hadde vorte påverka dersom ein hadde valt vegalternativet C5. Dersom ein endrar linjeføring på aktuelle staden, kan det få konsekvensar andre stader langs strekninga.

19. Siv og Gjert Erik Kringeland (gnr. 44 bnr. 3), 16. januar 2020

- *Det er behov for at undergang ved Lauvåsvegen vert etablert som køyrbar undergang for å unngå stor omveg via Nygård eller Grimstveit når ein skal til/frå Nordskog. Avsendar peikar på at busstrafikk framleis vil nytta dagens veg, og at ein ikkje når haldeplass med moped eller bil på ein fornuftig måte slik planen no viser. Gravplass og badeplass ved Skardhaugtjørna er andre målpunkt busette på Lauvås og Færås ønskjer å nå utan stor omveg. Ein undergang med redusert høgde for personbiltrafikk vil vera ei stor*

betring dersom det er vanskeleg å få til full høgde.

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

- Undervegs i planarbeidet er det vurdert ulike løysingar for krysset ved Lauvåsvegen inkludert ei løysing utan kryss i plan, men berre undergang for alle trafikantar. Ei slik løysing ville vore med full høgde. Løysinga som er vist i planen er valt for å gi biltrafikk raskast mogleg tilkomst til ny veg samstundes med at gåande og syklande får kryssa planskilt under ny veg for trygg tilkomst til skulebuss mm. Undergangen er planlagt med frihøgde 3,1 meter, og det kan i byggeplanfasen vurderast om undergangen kan skiltast med «køyning til eigedomane tillate», skilta høgdeavgrensing mv., slik at personbiltrafikk/moped slepp stor omveg ved målpunkt Nordskog.

Sveio kommune sin kommentar:

- Det har blitt etablert kjørbar vegundergang. Vi viser elles til svaret frå fylkeskommunen.
- 20. Sveio Båtforening v/ Cato Helgesen, 16. januar 2020**
- *Foreningen held på med utbetring av molo i Buavåg og ønskjer å bli kontakta om eventuell bruk av overskotsmassar ved bygging av vegen.*

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

- Innspelet blir teke til orientering. Handtering av overskotsmassar vert vurdert vidare i byggeplanfasen.

Sveio kommune sin kommentar:

- Vi viser til svaret frå fylkeskommunen.
- 21. Lars, Johanne, Asbjørn og Rune Vierdal, 16. januar 2020**
- *Det er aukande trafikkmengd på Skiftestadvegen, og strekninga mellom Nordskog og Maritjørna er ikkje eigna for gåande, syklande og tungtransport utan utbetring. Sjølv etter etablering av ny veg vil det vera ein del tungtransport på eksisterande veg. I tillegg vil trafikkmengda på Skiftestadvegen auka i samband med nye hytte- og bustadområde nord for Eltravåg. Det har vore mange ulukker på strekninga mellom Nordskog og Maritjørna.*
 - *Ein bør leggja den nye vegen nærare Skardhaugtjørna for å koma inn på gamlevegen nord for krysset med Skiftestadvegen og følgja gamlevegen sørover mot Maritjørna.*
 - *Dersom den nye vegen likevel vert lagt aust for Mørkavatnet, må Skiftestadvegen koplast til den nye vegen ved å gå rett fram (aust) frå Nordskog.*

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

- Planarbeidet omfattar ikkje utbetring av dagens veg som vert liggande att som lokalveg. Ei eventuell oppgradering av eksisterande veg ligg utanfor dette planarbeidet.
- Denne løysinga er vurdert, men lagt bort i tidlegare fasar i arbeidet, med bakgrunn mellom anna i omsyn til dyrka mark/innmarksbeite, myr, veg-geometri, kostnader og omsyn til landskapet.
- Denne løysinga har også vore vurdert, men av omsyn til mellom anna gardsdrifta på Nordskog, er denne lagt bort.

Sveio kommune sin kommentar:

- Skiftestadvegen er ikkje omfatta av planarbeidet. Ved framtidig realisering av planen ventar ein redusert trafikk på strekningen, spesielt tungtransporten.
- Vi viser til heilheitsperspektivet og totalvurderinga for val av vegtrasé.

·Løysinga er vurdert med omsyn til gardsdrifta som er prioritert.

22. Bua bygdalag v/ Svein Olaf Bua, 17. januar 2020

- Avsendar stiller seg svært positiv til planarbeidet. Vegen er viktig for både næringsliv og private, både på søre Bømlø, Bua-krinsen, og deler av Vandaskog- og Auklandshamnkrinsen.
- Heile vegstrekninga blir brukt av mjuke trafikantar, og det er årleg utforkøyringar med store og små køyretøy. Ei utbetring er derfor på høg tid. Det trengst tofelts veg og fartsgrense 80 km/t, ev. redusert fartsgrense sør for Åse.
- Vegen bør følgje ny trasé mellom Lier/Grimstveit og Nygård/Åse. Vidare frå Nygård/Åse til Krossleitet/fv. 47 bør vegen leggjast på austsida av Åsevatnet.
- Vegen bør vera så kort som mogleg og ein bør ha fokus på kostnader ved val av løysingar, t.d. jordsette skråningar framfor natursteinsmurar der det er mogleg.
- Avsendar peika på at ny veg har mange fordelar, mellom anna for bustadutvikling, næring/auka handel, tilkomst for rekreasjon langs vestsida av Sveio m.m.

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

·Innspela blir tekne til orientering.

Sveio kommune sin kommentar:

- Merknaden er teken til orientering.

23. Henriette Fresvik, januar 2020

- Planen får store konsekvensar for eigedommen og moglegheita til å byggja nye bustadar på denne. Garasje og skogsområde har stor affeksjonsverdi for familien. Skogen har eit rikt dyreliv, og dersom ein er bekymra for bilvrak, vil avsendar få fjerna desse.
- Avsendar ber om at B1 blir vurdert på nytt, og opplyser om at Åsevatnet har vasspest og sét grenser for fiske og bading.
- Ved alternativ B3 får ein ikkje etablert gode løysingar for mjuke trafikantar langs eksisterande veg, noko som er beklageleg sidan målet med planarbeidet er betre trafikktryggleik for køyrande og mjuke trafikantar.

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

- Planforslaget viser ny veg langs vestre del av gnr. 41 bnr. 16 som ikkje har eiga adresse. Det er vurdert fleire alternativ på denne strekninga, inkludert dagens trasé, men ny veg i trasé B3 kjem best ut når ein ser på konsekvensane samla sett. Vegen vil liggja lågt i terrenget, og bustad på gnr./bnr. 41/13, 41/106 og eventuelle nye einingar vil kunna skjermast godt frå veganlegget.
- Traséval er vurdert både i forprosjekt frå 2015 og i siling i forkant av utarbeiding av denne reguleringsplanen. Ein har i dette arbeidet konkludert med at B3 er det beste alternativet totalt sett.
- Resttrafikk langs dagens veg på strekninga B1 vil bli svært låg då han vil vera stengt for gjennomkøyning. Likevel har ein i justert plan lagt inn nytt kryss like sør for Maritjørna, slik at all trafikk frå Nygård går direkte ut på den nye fylkesvegen der. Dermed vil resttrafikken vera endå lågare då vegen berre vil gi tilkomst til bustader/hytter sør for Nygårdsvegen (ca. 6 stk.). Dermed vil dagens veg vera eit tilstrekkeleg tilbod for dei mjuke trafikantane på strekninga.

Sveio kommune sin kommentar:

- Merknaden er teken til orientering.

24. Svein Hundsnes m.fl., 17. januar 2020

- Avsendarar støttar planforslaget som viser trasé B3. Dette mellom anna med bakgrunn i omsynet til dyrka mark og busetnad. Eksempelvis vil trasé B1 vera problematisk med

tanke på trafikktryggleik. Store deler av tomtene vil også raserast i eit slikt alternativ i tillegg til konflikt med vatn og bekk og fleire avkøyrslar. Fartsgrensa ville også blitt lågare i B1-alternativet.

- *Avsendar viser vidare til eit møte i forkant av folkemøtet der eit alternativ N kom opp frå andre grunneigarar enn avsendarane av denne merknaden. Alternativet er vist like aust for Tjernagelvegen 161. Avsendarar forkastar dette forslaget. Ein av utfordringane knytt til B3-alternativet var at den nye vegen går over eit hjørne på tomta til Tjernagelvegen 139. Avsendar foreslår at forslagsstillar og eigar av Tjernagelvegen 139 finn ei akseptabel løysing på dette problemet.*
- *Avsendar meiner N-alternativet er dårleg mellom anna fordi det legg beslag på meir dyrka mark, vegen vil koma svært nær Tjernagelvegen 161 (støy/forureining/visuell forringing/reduert eigedomsverdi). Det er også eit heilt nytt alternativ som kjem seint i prosessen.*
- *Det må sikrast ei tilfredsstillande løysing for post og renovasjon, og tungtrafikk bør reduserast mest mogleg. Dette kan løysast via nytt kryss sør for Maritjørna.*
- *Avsendar meiner også det kan vera grunnlag for å stilla spørsmål rundt forprosjekt (fagleg dokumentasjon og prosess). Dette er ei problemstilling ein eventuelt ønskjer å koma tilbake til dersom nødvendig.*

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

- Innspela blir tekne til orientering.

Sveio kommune sin kommentar:

- Merknaden er teken til orientering.

25. Siren Kraakenes m.fl., 17. januar 2020

- *Avsendar stiller spørsmål ved kvifor grunneigarar ikkje er involvert i planarbeidet og ønskjer møte med kommunen/planleggingsansvarleg.*
- *Avsendar har skissert to nye løysingar for tilkomstveg til gnr./bnr. 41/5, 41/36, 41/40 mfl. som er betre for eksisterande og framtidig utbygging.*

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

- *Planarbeidet følgjer vanleg prosedyre der det blir varsla oppstart av planarbeidet og planforslag som alle råka eller interesserte får uttale seg til (høyring/offentleg ettersyn) blir utarbeidd. I samband med dette er det invitert til informasjonsmøte i tillegg til kontordag for dei som ønskjer det. Innspela som kjem inn i denne samanheng vert tatt stilling til, og ev. justeringar i planen vert innarbeidd før sluttbehandling. Dersom større endringar, vert endringane sendt ut på ny høyring.*
- *Det vil vera fleire moglege løysingar for internvegssystemet, og dette bør sjåast i samanheng med planlagt bustadutvikling i området. Det sentrale for reguleringsplan for ny fv. 541 vil vera at eit kryss til området på austsida får ei god plassering med tilfredsstillande siktforhold, og at dagens kryss ved gnr. 41 bnr. 36 ikkje kan oppretthaldast i ein slik framtidig situasjon kor fylkesvegen vert noko senka her. Ein ønskjer også færrast mogleg kryss og avkøyrslar på strekninga. 5. Innspel og skissert løysing i mottatt skisse/alternativ A er tatt til følgje og innarbeidd i justert planmateriale. Løysinga gir noko større stigning, men samstundes noko betre kurvatur samanlikna med høyringsforslag.*

Sveio kommune sin kommentar:

- Vi viser til kommentar frå fylkeskommunen.

26. Langevåg utvikling v/ Henning Tveit, 17. januar 2020

- *Det er viktig at oppgraderinga av dagens veg som har starta vert fullført. Dette for å oppretthalda/auka busetnaden, auka trafikksikkerheita, auka regulariteten (særleg tungtransport),*

redusera reisetida og at næringslivet i området klarer å tiltrekke seg kompetent arbeidskraft.

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

- Innspelet blir teke til orientering.

Sveio kommune sin kommentar:

- Innspelet er teke til orientering

27. Karl Lier (gnr. 53 bnr. 1), 17.januar 2020

- *Avsendar ber om at det framleis skal vera to traktoravkøyrslar frå fylkesvegen til hans eigedom også etter ny veg er etablert (markert med A og B i kartvedlegg).*

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

- Merknaden er teken til følgje. Avkøyrslar merka med A i mottatt vedlegg vert gitt direkte frå fylkesvegen, medan avkøyrslar B vert gitt via framtidig lokalveg.

Sveio kommune sin kommentar:

- Vi viser til kommentar frå fylkeskommunen.

28. Napier AS, 17. januar 2020

- *Fv. 541 er ein av hovudårene for mykje av aktiviteten i selskapet. Fleire pendlar kvar dag via ferje mellom Langevåg og Buavåg, noko som er avgjerande for å tiltrekke seg kompetanse frå regionen. Gode vegar er viktig for logistikk/kommunikasjon, og det er svært viktig at arbeidet held fram og vert fullført snarast råd.*

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

- Innspelet blir teke til orientering.

Sveio kommune sin kommentar:

- Innspelet er teke til orientering

29. Skaget Kvitaneset AS, 17. januar 2020

- *Avsendar stiller seg positiv til pågåande planarbeid. Ny veg vil gi betre tilgjenge til rekreasjons- og utbyggingsområde på vestsida av Sveio, noko som vil gi auka utbygging/aktivitet og større inntekter til Sveio kommune.*

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

- Innspelet blir teke til orientering.

Sveio kommune sin kommentar:

- Innspelet er teke til orientering.

30. Bømlo skipsservice AS, januar 2020

- *Trygg veg med tilstrekkeleg god standard er viktig for næringstrafikk og dei som bur og pendlar til søre del av Bømlo.*
- *Dagens veg held ikkje tilfredsstillande standard.*

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

- Innspelet blir teke til orientering.

Sveio kommune sin kommentar:

- Innspelet er teke til orientering.

31. Anne Fresvik (gnr. 41 bnr. 13 og 16), januar 2020

- Avsendar viser til kommuneplan og føresegner, og at plankartet ikkje viser endring for aktuell eigedom. Kartgrunnlaget er feil og syner ikkje alle bygg og vegar.
- Ny veg i trasé B3 betyr at vegen kjem 13-15 meter frå husvegg, mens vegen kjem ca. 50 m frå dottera sin bustad.
- Garasje/driftsbygning må rivast, og det vil vera vanskeleg å føra han opp att på eigedomen.
- Tre andre døtrer kan ikkje byggja bustad på eigedomen.
- Avsendar klarar ikkje å sjå at nytt kryss ved Åse vil skapa ein tryggare situasjon.
- 80-sone tett på bustad vil skapa utryggleik, og bustadane vil få eit stort verditap.
- B3 er eit nytt forslag som ikkje har vore presentert tidlegare, og avsendar meiner at ein burde vore kontakta/ informert om dette. Konsekvensane av planen er store for grunneigar.
- Grunneigar føler seg krenka grunna omtale om at det er mykje rot og søppel på eigedomen.

Vestland fylkeskommune sin kommentar:

- Kartgrunnlaget som er nytta i plankartet er lasta ned i 2019, og ein kan ikkje sjå at det manglar bygg eller vegar på plankartet. Det kan vera einskilde vedlegg i planmaterialet som er av eldre dato, og som såleis kan mangla noko nyare informasjon, men dei formelle plandokumenta skal vera oppdaterte då planen blei laga. Ved planvedtak vil nytt kartgrunnlag bli nytta i plankartet, slik at ein får med eventuelle endringar etter medio 2019.
- Slik ny fylkesveg er vist i plankart er det ein avstand frå senterlinje ny veg til takutstikk til bustad på gnr. 41 bnr. 13 på ca. 43 meter. Mellom ny eigedomsgrense og takutstikk vil det vera ein avstand på drygt 30 meter. På gnr. 41 bnr. 16 er det ikkje registrert noko bustad, men to «garasje, uthus, anneks til bustad» ifølge matrikkelen. Grunnkartet viser derimot fleire bygningar på denne eigedomen. Avstand mellom senterlinje ny fylkesveg og bustad på gnr, 41 bnr. 106 er tilsvarande ca. 70 meter, og ca. 60 meter mellom denne bustaden og ny eigedomsgrense langs austsida av nytt veganlegg.
- Ny veg er lagt langs eigedomsgrense mellom gnr. 41 bnr. 9 i vest og gnr. 41 bnr. 16 i aust. Reguleringsplanen viser innløyning av fleire bygningar/garasjar på 41/16, men tar ikkje stilling til oppføring av nye bygg på eigedomen. Bygningane vil bli erstatta i samband med nødvendig erverv av grunn når byggeplanarbeidet skal startast opp. Gnr. 41 bnr. 16 er oppgitt å vera drygt 33 daa, mens vegplanen legg opp til erverv av snautt 2,5 daa av denne eigedomen. Slik sett vurderer ein at eigedommen truleg har tilstrekkeleg areal for oppsetting av eit eventuelt nytt bygg utan at denne reguleringsplanen tar stilling til dette.
- Dette planarbeidet vurderer ikkje utbyggingspotensialet på eigedomar ein råkar. Bygningar som må rivast og areal som må ervervast, vert gitt erstatning for gjennom forhandlingar med grunneigar.
- Nytt kryss ved Åse er utforma i samsvar med gjeldande krav, og vil gi ei god løysing for alle trafikantar.
- Avstanden mellom bustad og ny veg er betydeleg større enn avsendar har skildra. I tillegg vil vegen liggja i skjering forbi eigedomen. Ein har likevel forståing for at dette ikkje er gunstig for eigedomen. Veganlegget vil bli sikra med gjerde ev. støyskjermer etc. etter gjeldande regelverk.
- I varsel om oppstart av planarbeid blei det vist ei områdeavgrensing som inkluderer trasé B3. Det er først ved høyring av planforslaget at ein inviterer alle råka og andre interesserte til å gi uttale til materialet. Etter at høyringsfristen er gått ut, går ein gjennom merknadene og gjer eventuelle justeringar, ev. ny høyring før planen går vidare til sluttbehandling. Alle merknader vert tatt stilling til og svart ut.
 - Utarbeiding av planmaterialet har følgd vanlege arbeidsmetodar med synfaringar,

skildring av dagens situasjon, vurdering og val av løysingar etc. Innspelet blir teke til orientering.

Sveio kommune sin kommentar:

·Vi viser til svaret frå fylkeskommunen.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

- Plan- og bygningslova (pbl), særskilt kapittel 12 om reguleringsplanar
- Kommuneplan for Sveio kommune 2011-2023
- Sveio kommune sitt delegeringsreglement

Vurdering

Planframlegget er heilskapleg og grundig vurdert. Det er i samsvar med intensjonen i kommuneplanen, og det har ikkje kome fram tungtvegande negative konsekvensar som gjer at planframlegget ikkje bør handsamast.

Rådmannen rår difor til at planframlegget blir godkjent.

Vedlegg:

R03_Fv541-Krossleitet-Grimstveit_Planskildring_5167707

T-AREALPLAN_FV6-SVEIO_5167707_2021-11-26

T-AREALPLAN_FV6-SVEIO_5167707_2021-11-26

VEDLEGG-1_R101-R107_Plankart_Fv541-Sveio_5167707

VEDLEGG-2_R04_Reguleringsføresegner_Fv541-Krossleitet-Grimstveit_5167707

VEDLEGG-3_R05_Medverknad-Merknader-oppstart_oppsummert-kommentert_5167707

VEDLEGG-4_R02_Fv6_Val-av-trasé_delstrekning-B-C_5167707

VEDLEGG-5_Fv6-Krossleitet-Grimstveit_Grunnundersøkelser_5167707

VEDLEGG-6_Teikningshefte_Fv6-Sveio_5167707_DEL-1

VEDLEGG-6_Teikningshefte_Fv6-Sveio_5167707_DEL-2

VEDLEGG-7_2018-11-09_Fv6-Sveio_GS-kryssing

VEDLEGG-8_Fv541-Krossleitet-Grimstveit_Støy_5167707

VEDLEGG-9_Fv541-Krossleitet-Grimstveit_ROS_5167707

VEDLEGG-10_R06_Medverknad_Merknader-offentleg-ettersyn_oppsummert-kommentert_5167707-1

VEDLEGG-11_R10_Kartlegging-naturtyper-arter_5167707

VEDLEGG-12_R07_Medverknad_Merknader-avgrensa-høyring_oppsummert-kommentert_5167707

VEDLEGG-13_Kulturhistoriske-registreringar_Rapport 33 2019

SAKSFØRELEGG - OFFENTLEG ETTERSYN AV DETALJREGULERING FOR FV 541, GRIMSTVEIT-SVEIO (L)(692379) copy

Vedrørende HTN-017/22, vedtak frå 07.03.2022